

Referent: Åge Avedal

Dato: 31.08.2021

Emne:	Referat møte i referansegruppa for Kulturkonferansen, 31. august 2021	
Til stades:	Anne-Kristine Aas (Vestland idrettskrets), Christoffer Knagenhjem (Huset i bygda / Sogn og Fjordane ungdomslag), Ole Tobias Lindberg (Kulturhusnettverket), Trude Risnes (Distriktssenteret), Trond Leirvik Onarheim (NOKU Vestland), Odd Gunnar Myhre (NOKU Vestland), Ingrid Hansen (Teaterfestivalen i Fjaler), Marie Nicolaisen (Musea i Sogn og Fjordane) Harald Ekroll (fylkeseldrerådet), Sigrun Espe (VLFK), Tone Stedal Haugland (VLFK), Ronny Skaar (VLFK), Åge Avedal (VLFK).	
Forfall:	Hilde Bjørkum (Sunnfjord kommune)	Sak: 2021/20113 - 10
Møtetid:	31.08.21	Møtestad: Teams

Møteleiar: Ronny Skaar

Starta møtet med presentasjon av møtedeltakarane.

1. Status for arbeidet med konferansen så langt

Ronny og Åge orienterte om arbeidet med konferansen så langt.

2. Gjennomgang av forslag til program og innspel til dette

Tone presenterte forslaget til program. Innspel til programmet:

- Programmet er bra. Tema treff godt m.a. opp mot aldersinkludering.
- Programmet passar godt til både idretts- og kulturfeltet.
- Kultur i skulen kan vere eit relevant tema for konferansen.
- Bærekraft og miljø kan løftast meir.
- Danning er eit aspekt som kan løftast i diskusjonen om det digitale rommet.
- Mulig programmet blir for tett. Må veksle mellom innleiingar og samtale. Bruke samtale eit par gongar, men ikkje etter kvar bolk.
- Må ha gode, lange pausar.
- Må få innleiarar til å komme fort til poenga, og ikkje bruke for mange ord.
- Kan vi bruke noko frå programmet ved arrangementet kvelden før?
- Det profesjonelle kunst- og kulturlivet bør kanskje få meir plass i programmet.
- Innspel til temaet ytringsfridom: Bruke Ways of seeing?
- Kan fungere med innleiarar på skjerm, så sant det er ein eller få og teknikken må fungere!

3. Innspel til informasjons- og formidlingsarbeidet

Sigrun orienterte. Når programmet er klart i september vil vi gjere ein større innsats for spreie informasjon om konferansen. Treng hjelp frå referansegruppa og nettverka i informasjonsarbeidet. Innspel:

- Bruke bilete og film.

av 2

- Kommunane må spreie informasjonen breitt, m.a. til medverknadsorgana. Må vere tydeleg i informasjonen til kommunane om at informasjonen skal spreast.
- Må vere enkelt å vidareformidle informasjonen.
- Må spisse målgruppene og tilpasse informasjonen til ulike grupper.
- Kultur er viktig for alle sektorar i ein kommune.

4. Eventuelt

Ingen saker til eventuelt.

Åge Avedal
referent